



Arkivsak 200506709-20
Arkivnr. 812.T07
Saksh. Aarethun, Thorbjørn

Saksgang	Møtedato
Samferdselsutvalet	15.02.2006
Fylkesutvalet	22.02.2006 - 23.02.2006
Fylkestinget	14.03.2006 - 15.03.2006

FYLKESVEGPLANEN 2006-2015

SAMANDRAG

Statens vegvesen Region Vest har vedlagt brev av 31.oktober 2005 oversendt forslag til fylkesvegplan 2006-2015. På møtet i fylkesutvalet, 21.november 2005, vart det handsama sak om forslag til fylkesvegplan 2006-2015. Fylkesutvalet gjorde vedtak om å utsette saka, i samsvar med innstillinga frå samferdselsutvalet. Saka vart vedteke utsett i påvente av at forslaget til fylkesvegplan 2006-2015 vart sendt ut på høyring til kommunane. Etter denne høyringa legg no fylkesrådmannen på nytt fram sak om forslaget til fylkesvegplan 2006-2015.

Etter at forslaget til fylkesvegplan 2006-2015 vart sendt på høyring til kommunane gjorde fylkestinget, 13.desember 2005, vedtak om fylkesbudsjettet 2006 og økonomiplan for perioden 2006-2009. Det vedlagde forslaget til fylkesvegplan 2006-2015 er korrigert i samsvar med fylkestinget sitt vedtak om løyvingar og rammer for investeringar og drift/vedlikehald på fylkesvegnettet for økonomiplanperioden 2006-2009.

Fylkesrådmannen er i hovudsak samd i regionvegsjefen sitt opplegg for hovedprioriteringar i forslaget til fylkesvegplan 2006-2015. Etter at Jondalstunnelen er realisert vil det etter fylkesrådmannen sitt syn vere nødvendig å prioritere mindre utbetringstiltak, rassikring og trafikksikringstiltak så langt som råd innanfor dei føreslegne investeringsrammene til fylkesvegnettet. Det vil derfor i denne omgang ikkje vere aktuelt å proritere igangsetting av større nye fylkesveganlegg i planperioden.

Fylkesrådmannen vil ikkje no føreslå auka rammer til investeringstiltak på fylkesvegnettet i perioden 2010-2015, men vil kome attende til dette i samband med framlegginga av økonomiplanen for 2007-2010. Dersom det innanfor eventuelt auka økonomiske rammer i perioden 2010-2015 vert aktuelt å sette i gang større nye prosjekt på fylkesvegnettet vil fylkesrådmannen i denne omgang prioritere Fjellbergsambandet.

Sett under eitt er fylkesrådmannen av den oppfatning at dagens samla nivå på forskotteringane er for høgt og er uheldig i høve til ei samla vurdering av fylkesvegmidlane. I tillegg vert tidsrommet for refusjon av forskotteringane urimeleg lang. Med grunnlag i dette ser fylkesrådmannen det som nødvendig å fastsette rammer og retningslinjer for forskotteringsordninga som vil kunne bidra til redusere det framtidige samla nivået på forskotteringar. Fylkesrådmannen vil foreslå at det vert innført forskotteringsstopp i perioden 2006-2009 på alle prosjekt med forskotteringsandel på over 15 mill.kr.

I samsvar med Statens vegvesen si rapportering om etterslep av drifts- og vedlikehaldstiltak på fylkesvegnettet, understrekar fylkesrådmannen at det framleis vil vere behov for ei ytterlegare satsing på denne type tiltak på fylkesvegane i åra framover.

FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Fylkestinget er i hovudsak samd i regionvegsjefen sitt forslag til hovedprioriteringar i forslaget til fylkesvegplan 2006-2015.
2. Dersom det innanfor eventuelt auka økonomiske rammer i perioden 2010-2015 vert aktuelt å sette i gang større nye prosjekt på fylkesvegnettet vil fylkestinget prioritere Fjellbergsambandet.
3. Fylkestinget går inn for at det vert innført forskotteringsstopp i perioden 2006-2009 på alle fylkesvegprosjekt med forskotteringsandel på over 15 mill.kr.
4. Fylkestinget ser behovet for å styrke satsinga på drifts- og vedlikehaldstiltak på fylkesvegnettet og vil i samband med den årlege budsjetthandsaminga vurdere dei økonomiske rammene til denne type tiltak.

Paul M.Nilsen

Magnus Vestrheim

Vedlegg:

1. Forslag til fylkesvegplan 2006-2015 m/ revidert vedlegg, Statens vegvesen Region vest, 31.10.2005
2. Forskottering av bru og veg til Storekalsøy, Austevoll kommune, 09.09.2005
3. Høyringsfråsegner

FYLKESRÅDMANNEN, 02.02.2006:

1.0 Innleiing

Statens vegvesen Region Vest har vedlagt brev av 31.oktober 2005 oversendt forslag til fylkesvegplan 2006-2015. På møtet i fylkesutvalet, 21.november 2005, vart det handsama sak om forslag til fylkesvegplan 2006-2015. Fylkesutvalet gjorde vedtak om å utsette saka, i samsvar med innstillinga frå samferdselsutvalet. Saka vart vedteke utsett i påvente av at forslaget til fylkesvegplan 2006-2015 vart sendt ut på høyring til kommunane. Etter denne høyringa legg no fylkesrådmannen på nytt fram sak om forslaget til fylkesvegplan 2006-2015.

2.0 Planprosess

Fylkesrådmannen har gitt Statens vegvesen Region vest i oppdrag å utforme eit forslag til fylkesvegplan 2006-2015 i samsvar med rammene i budsjettforslaget for 2006 og i økonomiplanen 2006-2009. Det har vore kontakt mellom fylkesadministrasjonen og Statens vegvesen i arbeidet med utforminga av planforslaget.

For den første fireårsperioden 2006-2009 er tidlegare fylkestingsvedtak lagt til grunn for prioriteringane i forslaget til fylkesvegplan 2006-2015. Dette omfattar:

- Finansieringsplan for Jondalstunnelen
- Vedtekne refusjonar til Grønhaug-Kvernavik i Bømlo kommune, ny veg til Hanøytangen, Akøy kommune og Dolvikvegen i Bergen kommune.
- Fylkesvegmidlar tilsvarende 125 mill.kr til tiltak innanfor Bergensprogrammet i perioden 2002-2011
- Fylkeskommunal løyving på tilsaman 10 mill.kr til prosjektet Omvikdalen-Matre (4 mill.kr i 2005)

Med grunnlag i desse bindingane er det i utgangspunktet eit begrensa handlingsrom i den første fireårsperioden 2006-2009 i fylkesvegplanen.

2.1 Høyring

Forslaget til fylkesvegplan 2006-2015 vart med brev av 25.november 2005, sendt ut på høyring til kommunane. Dei innkomne høyringsfråsegnene er lagt ved saka i eige hefte, og vert ikkje omtalt eller kommentert enkeltvis i fylkesrådmannen sitt saksframlegg. Etter fylkesrådmannen sitt syn gir dei innkomne høyringsfråsegnene ikkje grunnlag for å endre fylkesrådmannen si innstillinga i den tidlegare saka om fylkesvegplanen 2006-2015, som vart lagt fram til møte i samferdselsutvalet 16.november 2005 og i fylkesutvalet 21.november 2005.

3.0 Økonomiske rammer og hovedprioriteringar i planforslaget

3.1 Vedteke budsjett og økonomiplan 2006-2009

Etter at forslaget til fylkesvegplan 2006-2015 vart sendt på høyring til kommunane gjorde fylkestinget, 13.desember 2005, vedtak om fylkesbudsjettet 2006 og økonomiplan for perioden 2006-2009. Det vedlagde forslaget til fylkesvegplan 2006-2015 er korrigert i samsvar med fylkestinget sitt vedtak om løyvingar og rammer for investeringar og drift/vedlikehald på fylkesvegnettet for økonomiplanperioden 2006-2009.

Den store auken i dei økonomiske planrammene for perioden 2006-2009 i høve til løyvingane i perioden 2002-2005 skuldast vedtaket om gjennomføring av Jondalstunnelen.

I tillegg til dette prosjektet, medfører andre tidlegare vedtak om løyvingar og refusjonar, samt Bergensprogrammet, at det står att 10 mill.kr årleg i perioden 2006-2009 til sekkepostiltak som rassikring, trafikk sikring, gang og sykkelveg, mindre utbetringstiltak osv. Dette er langt mindre enn løyvingane til slike tiltak i tidlegare periodar.

For den siste 6-årsperioden 2010-2015 legg regionvegsjefen til grunn at det ikkje skal igangsettast nye større prosjekt på fylkesvegnettet gjennom ordinære fylkeskommunale løyvingar. Innanfor den årlege ramma på 50 mill.kr vert det prioritert ei større satsing på mindre utbetringar, rassikring, gang og sykkelvegar/trafikksikring og refusjonar. I tillegg er det i dei to første åra av denne perioden lagt til grunn at den fylkeskommunale delen av Bergensprogrammet på tilsaman 125 mill.kr, skal sluttfinansierast med 20 mill.kr.

Når det gjeld nærare omtale av hovedprioriteringar og opplegg for refusjonar viser fylkesrådmannen til det vedlagte forslaget til fylkesvegplan 2006-2015 frå regionvegsjefen.

4.0 Fylkesrådmannen sine merknader

4.1 Rammer og hovedprioriteringar

Fylkesrådmannen er i hovedsak samd i regionvegsjefen sitt opplegg for hovedprioriteringar i forslaget til fylkesvegplan 2006-2015. Etter at Jondalstunnelen er realisert vil det etter fylkesrådmannen sitt syn vere nødvendig å prioritere mindre utbetringstiltak, rassikring og trafikksikringstiltak så langt som råd innanfor dei føreslegne investeringsrammene til fylkesvegnettet. Det vil derfor i denne omgang ikkje vere aktuelt å proritere igangsetting av større nye fylkesveganlegg i planperioden.

Fylkesrådmannen vil ikkje no føreslå auka rammer til investeringstiltak på fylkesvegnettet i perioden 2010-2015, men vil kome attende til dette i samband med framlegginga av økonomiplanen for 2007-2010. Dersom det innanfor eventuelt auka økonomiske rammer i perioden 2010-2015 vert aktuelt å sette i gang større nye prosjekt på fylkesvegnettet vil fylkesrådmannen i denne omgang kun prioritere Fjellbergsambandet.

I samband med opplegg for refusjonar vil fylkesrådmannen vise til brev frå Austevoll kommune, datert 9.september 2005, der det vert bedt om at fylkeskommunen legg opp til årleg refusjon frå 2006 av det uteståande kravet på 17,7 mill.kr av forskotteringa til prosjektet veg til Storekalsøy. I regionvegsjefen sitt forslag til opplegg for refusjonar er det lagt opp til at denne refusjonen først skal prioriterast med 5 mill.kr i 2010, 2011, 2012 og 2,7 mill.kr i 2013. Fylkesrådmannen er samd i regionvegsjefen sitt forslag til opplegg for denne refusjonen og dei andre aktuelle refusjonane av forskotteringar på fylkesvegnettet.

4.2 Fylkeskommunal praksis ved forskottering til vegprosjekt

På møte i fylkesutvalet 27.oktober 2005, vart det handsama sak om fylkeskommunal praksis ved forskottering til vegprosjekt. Det vart gjort følgjande vedtak:

”Fylkesutvalet tek saka om fylkeskommunal praksis ved forskottering av vegprosjekt til orientering”.

I samband med handsaminga av denne saka i samferdselsutvalet 5.oktober 2005, vart det framsett følgjande oversendingsforslag:

”Ein ber fylkesrådmannen drøfta fylgjande i forslaget i samband med handlingsplanen:

- Fylkesutvalet meiner det vil vera uheldig å innføra forskotteringsstogg og tak på forskotteringar på fylkesvegar.*
- Fylkesutvalet vil at fylkestinget skal fastsetja tilbakebetalingstidspunktet når forskotteringa vert godkjent. Tilbakebetalingstidspunktet av alt godkjente forskotteringsprosjekt vert fastsett i samband med fylkesvegplanen.”*

4.2.1 Dagens praksis for handsaming av forskotteringsøknader

På møte i fylkesutvalet, 13.mai 1998, vart det handsama sak om retningslinjer for forskottering av veganlegg. Det vart gjort følgjande vedtak:

"Fylkesutvalet godkjenner at ordninga med forskotering av fylkesveganlegg held fram etter same opplegg ein har hatt til no, slik at fylkestinget godkjenner kvar einiskild forskoteringssøknad.

Spørsmålet om å innføra retningslinjer for forskotering av fylkesveganlegg vert å vurderer på nytt i samband med neste rullering av fylkesvegplanen."

Spørsmålet om retningslinjer og praksis for forskoteringar vart på nytt omtalt i samband med handsaminga av fylkesvegplanen 2002-2011 på fylkestinget 12.mars 2002. I saksframlegget til saka om fylkesvegplanen 2002-2011 fann fylkesrådmannen det ikkje rett å føreslå retningslinjer eller endringar i gjeldande praksis for handsaming av forskoteringssøknader. Fylkestinget slutta seg til denne vurderinga. Gjeldande praksis for handsaming av forskoteringssøknader til investeringar på fylkevegnettet kan oppsummerast på følgjande måte:

- Endeleg godkjenning av forskoteringar i fylkestinget.
- Refusjonstidspunktet vert fastsett i samband med påfølgjande revisjon av fylkesvegplanen.
- Tidlegare har som regel forskoteringar vorte refundert i 10-års perioden etter godkjenning av den aktuelle forskoteringa. Med grunnlag i ein betydeleg auke i det samla nivået på godkjende forskoteringar vil det i framtida vere vanskeleg å oppretthalde ein praksis med refusjonar innan ein 10-årsperiode.

Den vedlagde tabellen for vedtekne forskoteringar på fylkesvegnettet i planforslaget viser at godkjende og ikkje refunderte forskoteringar i dag tilsaman utgjer om lag 240 mill. kr. Av denne summen utgjer forskoteringa til Sædalsvegen i Bergen heile 87,5 mill.kr. I planforslaget går regionvegsejfen inn for at det vert sett av midlar tilsvarende 133,5 mill.kr til forskoteringar i tiårsperioden 2006-2015. Det er dermed føresett at om lag 107 mill.kr først kan refunderast etter 2015.

4.2.2 Forslag til endringar i forskoteringsordninga

Ved handsaming av forskoteringssøknader er det fleire politiske omsyn som er aktuelle for vurdering.

- forskoteringar som bindingar for samla politiske prioriteringar og løyvingar.
- forskoteringar som "sniking i køen" av planlagde og aktuelle prosjekt for realisering.
- forskotering som ei fleksibel ordning for raskare gjennomføring av aktuelle prosjekt
- forskoteringar som rentefrie "lån" til stat og fylkeskommune med forventningar om visse sikre utsikter for refusjon og tilbakebetaling.

Ein stor grad av forskotering vil kunne bidra til at handlingsrommet for samla framtidige politiske prioriteringar og løyvingar vert redusert, spesielt i høve til oppstart og gjennomføring av dei store prosjekta. Dette kan til dels kompenseras ved at refusjonstidspunktet vert fastsett i eit meir langsiktig perspektiv. Dette er i hovedsak situasjonen for forskoteringar på fylkesvegnettet.

Forskoteringar som "sniking i køen" av planlagde og aktuelle prosjekt vil vere avhengig av takten på refusjonstidspunkta. Ved raskare refusjon vil forskotering vere aktuelt for fleire kommunar og verksemder og kan slik sett ikkje karakteriserast som "sniking i køen". Ved meir langsiktig refusjon vil kapitalkostnadene for forskotering auke og dermed vil ordninga vere meir aktuell for særleg betalingsdyktige kommunar og verksemder. Med ein slik situasjon vil forskotering i større grad kunne karakteriserast som "sniking i køen" av planlagde og aktuelle prosjekt for realisering.

Forskotering har vore ei effektiv ordning for raskare og meir fleksibel gjennomføring av ulike vegprosjekt. Dette kan t.d vere prosjekt der det er aktuelt med eit speiselag i samband med utskifting av kommunalt ledningsnett.

Ved at forskotering er rentefrie "lån" til stat og fylkeskommune vil det og vere forventningar knytt til visse sikre utsikter for refusjon og tilbakebetaling. Slike forventningar krev ein meir forutsigbar og sikker praksis for fastsetting av refusjonstidspunktet innanfor ein rimeleg tidsperiode.

Erfaringane tyder på at det å få løyst lokale vegproblem står høgt på dagsorden, og kjem m.a til uttrykk gjennom viljen til forskottering. Det kan likevel argumenterast for at forskotteringane i sum i altfor stor grad legg bindingar på ei samla vurdering og prioritering av prosjekt og tiltak innanfor investeringsrammene til fylkesvegnettet. Fylkesrådmannen vil i denne samanheng peike på at Sædalsvegen i Bergen som eit stort og kostnadskrevande enkeltprosjekt i stor grad bidreg til denne type bindingar. Dersom det på nytt ikkje vert godkjent forskotteringar i denne storleiken, vil handlingsrommet for ei samla vurdering av andre prosjekt og tiltak på fylkesvegnettet på sikt auke. Naturlegvis vil og storleiken på dei samla årlege investeringsrammene ha betydning for dette handlingsrommet.


Når det gjeld forskottering som ei forutsigbar ordning med ein viss grad av sikkerheit for refusjon av forskotterte midlar innan rimeleg tid, har det etterkvart innarbeidd seg ei forståing og aksept for meir langsiktige refusjonar utover ein tiårs-periode. Dette vert og lagt til grunn i forberedande tingingar med aktuelle forskotteringspartar og i dei endelege fylkespolitiske vedtaka om forskotteringsøknaden. Fylkesrådmannen ser det likevel som ynskjeleg at alle uteståande forskotteringar på fylkesvegnettet bør kunne refunderast innanfor ein tiårs-periode. Dette vil i så fall vere i samsvar med retningslinjene for forskottering på det øvrige riksvegnettet.

Sett under eitt er fylkesrådmannen av den oppfatning at dagens samla nivå på forskotteringane er for høgt og er uheldig i høve til ei samla vurdering av fylkesvegmidlane. I tillegg vert tidsrommet for refusjon av forskotteringane urimeleg lang. Med grunnlag i dette ser fylkesrådmannen det som nødvendig å fastsette rammer og retningslinjer for forskotteringsordninga som vil kunne bidra til redusere det framtidige samla nivået på forskotteringar. Fylkesrådmannen vil foreslå at det vert innført forskotteringsstopp i perioden 2006-2009 på alle prosjekt med forskotteringsandel på over 15 mill.kr.

4.3 Drift og vedlikehald

Statens vegvesen hevdar i forslaget til fylkesvegplan 2006-2015 at nivået på drifts- og vedlikehaldsrammene til fylkesvegane vil innbere ei ytterlegare svekking av vegkapitalen. Ser vi tilbake ein tiårsperiode har nivået på løyvingane til drifts- og vedlikehaldstiltak utvikla seg på følgjande måte:

Drift- og vedlikehald på fylkesvegnettet i mill 2005 kr.



I samsvar med Statens vegvesen si rapportering om etterslep av drifts- og vedlikehaldstiltak på fylkesvegnettet, vil fylkesrådmannen understreke at det framleis vil vere behov for ei ytterlegare satsing på denne type tiltak på fylkesvegane i åra framover.